



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9591 - 22/38487

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
O

Dato:
23.05.2022

Vedtak om gebyr for brot - GBNR 324/77 Mjåtveitelva

Administrativt vedtak: Saknr. 554/22
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune

VEDTAK

Vestland fylkeskommune vert ilagt eit gebyr for på kr 25 000,- for uaktsamt brot på plan- og bygningsloven § 19-2 og § 20-1. Oppfyllingsfristen er 4 veker.

Vedtaket er gjeve med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 fyrste ledd bokstav a, jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav a nummer 2.

Grunngjeving for pålegging av gebyr

Alver kommune gjennomførte tilsyn i samband med ulovleg hogst langs Mjåtveitelva i november 2021.

Kommuneplanen for Meland 2015-2026 har følgjande føresegn i pkt 4.3.3 som gjeld omsyn til Mjåtveitelva:

H560_1 Mjåtveitelva - Omsynet gjeld heile vassdraget frå nord for Meland kyrkje til utløpet i Elvavika. Vassdrag med tilhøyrande lokal, regionalt og nasjonalt viktig naturmangfald (musling særskilt). Vassdraget skal skjermast mot alle inngrep i ei 30 meter brei sone, rekna 15 m frå midten av elva. I byggeforbudssona elles, på kvar side av elva (jf desse føresegnene pkt 1.6.0), er tiltak berre tillate i tilknytning til stadbunden næring/landbruk, og då berre når tiltaket ikkje vil øydelegge føremålet med etablering av arealføremålet/omsynssona. Det kan leggest til rette for ferdsel. Tiltaka må vere tilpassast elva og føremålet med vernet. Tilrettelegging for ferdsel skal skje med minimale terrenginngrep

Beskrivelse av det ulovlege tilfellet frå førehandsvarsel:

Det er utført ulovleg hogst av kantvegetasjon langs Mjåtveitelva i området ved brua under Mjåtveitvegen, om lag 600 meter frå utløp til sjø. Hogsten er utført av ein lokal entreprenør på vegne av Mesta, som har fått oppdraget frå Vestland fylkeskommune. Oppdraget var å lage tilkomstveg for inspeksjon av brua og siktrydding. Det er fjerna tre i skråninga frå brua og ned mot vassdraget. I tillegg er det fjerna enkelte tre nede på ei flate der flismaskinen har stått. I området der flismaskinen var plassert, vart det liggande att store mengder flis i terrenget.

Tiltaket er i strid med plan- og bygningsloven (pbl) § 19-2 og § 20-1 og kan etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd bokstav b verte pålagt gebyr for brot på pbl.

I førehandsvarselet vart det opplyst om at det ville kunne verte fatta vedtak om å ilegge gebyr for brot på plan- og bygningsloven. Det vart også opplyst at de hadde rett til å uttale dykk før vedtaket vart fatta. Det vart også opplyst om at de hadde rett til å avstå frå å uttale dykk før vedtaket vart fatta.

Det er mottatt uttale til førehandsvarslinga. Uttalen går i all hovudsak ut på korleis opprydding og gjenoppretting skal gå føre seg. Kommunen vurderer saka slik at Vestland fylkeskommune har forstått og erkjent at utført arbeid var ulovleg.

På bakgrunn av dette vert det fatta vedtak om pålegg av gebyr for brot på plan- og bygningslova.

Alver kommune ilegg gebyr etter SAK 10 § 16-1 fyrste ledd bokstav a nr 2 fordi tiltaket ikkje i det vesentlege er i samsvar med krav i plan- og bygningslova, jf. veiledningstekst;

Overtredelsesgebyr inntil kr 50 000 kan ilegges der det mangler tillatelse, og tiltaket i tillegg ikke i det vesentlige er i overensstemmelse med lov, forskrift, plan og eventuell vedtekt. Hvis det er aktuelt med en etterfølgende tillatelse vil denne kunne forutsette rettingspålegg eller dispensasjon, godtatt plassering i forhold til nabogrense etter pbl. § 29-4 tredje ledd e.l.

Etter plan- og bygningsloven §32-8 fyrste ledd kan gebyr for brot på pbl berre verte pålagt om brotet er "gjort med forsett eller utan aktsemd". Med dette meiner ein at den ansvarlege må ha visst eller burde ha visst at handlinga var ulovleg. Det følger av Ot. prp. nr. 45 (2007-2008) s. 355 at «*aktksomhetsnormen bør være streng. Det vil normalt være lett å konstatere om en av bestemmelsene i loven eller forskriften er overtrådt. Utførelse av tiltak i strid med reglene i plan- og bygningsloven vil som oftest kunne konstateres å være uaktsom uten en vanskelig vurdering av skyldspørsmålet.*»

Alver er av den oppfatning at brotet i dette høvet er uaktsamt, men ikkje utført med forsett. Kommunen meiner at oppdragsgivar burde være kjent med gjeldande planer for eit område der det vert sett i gang arbeid. Det går klart fram av gjeldande plan for området at vassdraget har ei vernesone for kantvegetasjon som skal takast omsyn til. Vi vurderer på bakgrunn av kommunikasjon i etterkant at arbeidet ikkje er gjort forsetteleg. Vi ser også at dei ansvarlege har gjort grep for å hindre at ein liknande situasjon kan oppstå i framtida.

Når det gjeld utførande føretak har kommunen valgt å ikkje gi gebyr for brot i dette tilfellet. Vi forstår saka slik at partane som har vore involvert i saka er einige om at ansvaret i denne saka ligg hjå oppdragsgivar og ikkje utførande.

GENERELL INFORMASJON

Andre opplysningar

Det er i utgangspunktet eigar/tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningsloven, inkludert

tidlegare gjevne løyve, vert haldne.

Det vert orientert om at endelig vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven er grunnlag for utlegg.

Gebyret må betalast sjølv om det vert klaga på vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 21/9591», eventuelt gbnr 324/77.

Aktuelt regelverk

- Varsel om gebyr for brot etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 og byggesaksforskriften (SAK10) kapittel 16.
- Gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 .
- Rett til å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. plan- og bygningsloven §32-8 tredje ledd.
- Rett til å avstå frå å uttale dykk før vedtaket vart fatta, jf. byggesaksforskriften (SAK 10) § 16-4.
- Grunnlag for utlegg er endeleg vedtak om gebyr for brot på plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §32-8 siste ledd.
- Oppfyltingsfristen er 4 veker frå brevdato, jf. pbl §32-8 fjerde ledd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

